

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 58/2003

Møtedato: 5.11.03

Arkiv nr:

HANDLINGSPROGRAM FOR IDRETT OG FRILUFTSLIV

I kommunedelplan for idrett og friluftsliv er det ei uprioritert liste over langsiktige behov 10 -12 år framover og ei prioritert liste for 4 år. Uprioritert liste over langsiktige behov blir revidert kvart 4. år og prioritert liste for 4 år blir revidert kvart år.

I sak 74/02 gjorde fjellstyret følgende vedtak:

Fjellstyre ber om at det i prioritert plan for dei fyrste 4 åra blir teke inn følgende:

Tiltak	kostnad	gjennomføring
1. Tiltak på Haugvørpe jfr. plan	ukjent	2003-2004
2. Rydding av stigar	25.000	2003-2004
3. Flytting av rasteplass ved S.Syndin	10.000	2003-2004

Kommunen ber fjellstyret om uttale i samband med årleg revisjon av planen.

- 1.Tiltaket med båthamn ved Haugvørpe er kostnadsberekna til ca. kr 200.000. Vi søkte grunneigarfondet om tilskot til dette tiltaket, men trekte søknaden etter det vart aktuelt å kjøpe lageret på Vaset. Etter signal frå Statskog bør vi også sjå på meir direkte finansiering frå brukarane om vi skal rekne med tilskot frå grunneigarfondet. Før vi kan sende ny søknad bør det gjerast grundigare undersøkingar om brukarane er interessert i dette.
- 2.Rydding av stigar er framleis aktuelt, men dette kan delvis finansierast gjennom STILK-midlar.
- 3.Flytting av rasteplass ved S.Syndin er delvis gjennomført i samband med vegutbetring i sumar.

Økonomien til fjellstyret tilseier at vi ikkje kan gjera dei store investeringane neste år, men aktuelle tiltak bør kunne førast opp i planen med gjennomføring etter 2004. Fjellstyret har tidlegare drøfta å få sett opp informasjonstavle/sikteskive for å informere om utsynet frå Knippa.

VEDTAK:

Fjellstyre ber om at følgende tiltak blir ført opp i plan:

Tiltak	kostnad	gjennomføring
1. Flytting av rasteplass ved S.Syndin	15.000	2003-2004
2. Rydding av stigar	25.000	2004-2005
3. Tiltak på Haugvørpe jfr. plan	200.000	2005-2006
4. Informasjonstavle/sikteskive på Knippa	ukjent	2005-2006

Vedtaket er einstemmig .

Vestre Slidre fjellstyre den 6.11.03.

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Vestre Slidre kommune